

FARVASSAVGIFTGEBYR-SAMANLIKNING AV GEBYRPRISAR

Lov om hamner og farvann § 36 seier: "Kommunen kan i forskrift bestemme at det skal betales farvannsavgift for fartøy som anløper havn og innretninger for drift av akvakulturanlegg i kommunens sjøområde. I forskriften kan det fastsettes rabattordninger".

"Farvannsavgiften kan bare dekke kommunens kostnader til

- a. Nødvendig isbryting og fjerning av gjenstander som hindrer sjøtransporten eller er til fare for ferdsele i kommunens sjøområde
- b. Utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter
- c. Farvannsskilt og navigasjonsinnretninger som kommunen eier"

FARVASSAVGIFT NABOKOMMUNAR 2025

Alle beløp er eks. mva.

HAREID KOMMUNE:

- Farvassavgifta leggst pr. anløp i avgiftsområdet. Ved gjentekne anløp innanfor eit og same døgn, leggst avgifta berre ein gong pr. døgn (kalenderdøgn).
- Fergjer og hurtigbåtar i fast rute innrømmast 10 % rabatt på oppførte satsar over minstepris for farvassavgift.
- Det skiljast mellom fartøy i stadig fart og fartøy lagt bort. I tillegg kan det oppkrevjast kaiavgift dersom dei ligg ved offentleg kai.
- Fiskefartøy med største lengde over 15 meter, betalar farvassavgift i medhald av dei satsar som er nemnde under punktet om farvassavgift i prislista. Det betalast likevel ikkje avgift for meir enn 6 anløp i kalendermånaden.
- Fritatt for farvassavgift er:
 - Fartøy som passerer gjennom avgiftsområdet utan å anløpe hamna.
 - Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske.
 - Kystverkets fartøy i forbindelse med arbeid i farvatnet.
 - Alle fartøy med største lengde under 15 meter.
 - Hareid kommune sin beredskapsbåt

Bruttotonnasje	Intervall	Sats pr tonn
For dei fyrste 5000 BT	1-5000	Kr 0,29
For dei neste 5000 BT	5001-10000	Kr 0,23
For dei neste 10000 BT	10001-20000	Kr 0,20
For alt over 20000 BT	Over 20000	Kr 0,15

HERØY KOMMUNE:

Farvassavgifta vert belasta fartøy på 15 meter eller meir ved anløp i Herøy kommune sitt sjøområde, også ved anløp til egne og private kaier. Ved gjentakande anløp innan same døgn vert farvassavgifta belasta berre ein gong.

INTERVALL BT	PRIS PR. ANLØP
< 50	0
50 – 300	170
301 – 1200	230
>1200	300

VANYLVEN KOMMUNE:

Gjeld alle farty som utfører eit anløp og er over 15 meter, med nokre få fritak.

Gebysatsar:

- 0,33 kr pr. BT
- Minstepris pr. anløp 200,-

Med same intervall som Hareid blir gebyra i Vanylven:

INTERVALL BT	SATS PR. TONN KR	MAKS BELØP KR
1 – 300	0,33	200
301 - 600	0,33	200
601 - 1200	0,33	396
1201 - 2000	0,33	660

FORSLAG TIL FARVASSAVGIFTER FOR SANDE KOMMUNE:

Gebyra blir fastsett av kommunestyret kvart budsjettet.

Bruttotonnasje	Eining	NOK
< 300BT	Pr. anløp	277,-
301 – 1200 BT	Pr. anløp	358,-
>1200 BT	Pr. anløp	458,-
Ferja Årvik – Koparnes	Pr. dag	322,-
Ferja Larsnes – Åram – Voksa – Kvamsøy	Pr. dag	322,-
Ambulansebåt	Pr. dag	277,-

Forslag til Forskrift om farvassavgift for Sande kommune ligg ved saka.